



EU sin Lisboa-strategi i eit norsk perspektiv

The EU Lisbon Strategy
– A Norwegian Perspective



NÆRINGS- OG HANDELSDEPARTEMENTET

Ministry of Trade and Industry

Forord

Norske verksemdar som er utsett for internasjonal konkurranse opplevde i 2002 og delar av 2003 ein periode med brå nedgang på grunn av høg lønsvekst, ei sterk norsk krone og høge renter. I statsbudsjettet for 2003 var Regjeringa sitt hovudmål å medverke til lågare rente og lågare verdi på krona. Etter at budsjettet vart vedteke gjekk renta ned frå 7 til 2,5 prosent på eitt år. Renta er no på 1,75 og skilnaden i rentenivå mellom Noreg og utlandet er eliminert, kronkursen redusert og konkurransevna betra. Dette skuldast ikkje budsjettpolitikken aleine, men også generelt låg vekst og at partane i arbeidslivet viste ansvar. Den positive utviklinga vart ført vidare i budsjettet for 2004 og det er no lovande utsikter for økonomisk oppgang og lågare arbeidsløyse.

Regjeringa legg vekt på å føre ein økonomisk politikk som er med på å sikre eit fortsatt sterkt og konkurransedyktig næringsliv i Noreg. Ein overordna politikk for verdiskaping er sett saman av fleire element. Den omfattar ein ansvarleg økonomisk politikk, ein god forskingspolitikk, tilrettelegging for kommersiell bruk av forskning og innovasjon, ein aktiv arbeidsmarknadspolitikk, gode sosiale ordningar og ein miljøpolitikk for berekraftig utvikling.

Norsk økonomi er tett integrert med resten av Europa. Gjennom EØS-avtalen deler vi utfordringane i høve til å få den indre marknaden til å fungere best mogeleg. Vi står også overfor mange av dei same utfordringane som EU når det gjeld å leggje til rette for framveksten av ein meir kunnskapsdriven økonomi.

EU vedtok våren 2000 den såkalla Lisboa-strategien der målet er å gjere EU til verdas *most* konkurransedyktige økonomi innan 2010. Strategien om auka konkurransekraft er basert på tre pillarar – økonomisk politikk, sosialpolitikk og miljøpolitikk. For å nå det ambisøse målet har EU etablert ei rekkje spesifikke målsetjingar og definert såkalla strukturindikatorar som referansar for å måle framgangen i

Preface

Norwegian businesses exposed to international competition faced a sharp slowdown in 2002 and 2003 due to high wage growth, a strong Norwegian krone and high interest rates. In the Fiscal Budget for 2003 a main aim was to facilitate lower interest rates and a weaker Norwegian krone through a neutral fiscal stance. After the adoption of the budget the key deposit rate was reduced from 7 to 2.5 per cent in one year. The key rate is now 1.75 per cent and the difference in interest rates between Norway and other countries is eliminated, the value of the krone reduced and competitiveness improved. This is not due to fiscal policy alone, but also due to generally low growth and the responsibility taken by the social partners. The positive development continued in the Fiscal Budget for 2004 and the prospects for economic recovery are now promising, i. a. shown through reduced unemployment.

The Government is committed to an economic policy that contributes to securing the continued strength and competitiveness of Norwegian trade and industry. An overall policy for generating economic growth comprises several elements. These include a responsible economic policy, a good R&D policy, facilitating the commercial use of knowledge and innovation, an active labour market policy, good social welfare arrangements, and an environmental policy for sustainable development.

The Norwegian economy is closely integrated with the rest of Europe. Through the EEA Agreement, Norway shares the challenge of ensuring that the EU Internal Market realises its full potential. We also face a number of the same challenges as the EU in developing a more knowledge-driven economy.

The EU adopted the so-called Lisbon Strategy in spring 2000, aiming to make the EU the world's *most* competitive region by 2010. The strategy on increased competitiveness is based on three pillars – economic policy, social policy and environmental

medlemslanda. Det europeiske råd i mars stadfesta den politiske viljen til å innfri strategien, men peikte samstundes på at tempoet må aukast dramatisk dersom måla skal bli innfridde.

Lisboa-strategien speglar dei utfordringane medlemslanda står overfor når dei saman skal nå EU sitt overordna mål. Mange av elementa i EU sin strategi er relevante for norske forhold, sjølv om Noreg på ein del område også har særskilde utfordringar. Når det gjeld dei ufordringane vi har felles, er mange av forslaga til tiltak allereie ein intergrert del av vår politikk. Regjeringa arbeider aktivt med alle dei politikkområda som Lisboa-strategien omfattar. Denne publikasjonen gjev ei oversikt over sentrale norske innsatsområde for å sikre konkurransekrafta og gjennom det å sikre det norske velferdssamfunnet.

Det vil vere positivt for Noreg om EU lykkast med strategien sin. Det vil føre til auka konkurranse- og kjøpekraft i EU-området og stimulere etterspørselen i vår viktigaste eksportmarknad. Dette vil vere positivt for verdiskapinga i Noreg og medverke til nyskaping og produktivitet. Det er likevel ikkje alle delar av strategien som er relevant for Noreg. Årsaka til dette er at norsk økonomi og næringsstruktur på viktige område er forskjellig frå EU sin. Vi har samstundes mange av dei same utfordringane og politiske måla som EU. Vi bør la oss inspirere og trekke lærdom av det som blir gjort i EU i næringspolitikken.

Føremålet med denne rapporten er tredelt. I del ein av rapporten blir det gjort greie for EU sin Lisboa-strategi og relevansen for Noreg. Del to av rapporten tar for seg regjeringa sitt arbeid på dei områda som er omfatta av EU sin Lisboa-strategi. Den siste delen av rapporten inneheld ei vurdering av EU sine strukturindikatorar, og det blir vist data for Noreg.

Oslo, juli 2004



Børge Brende
Nærings- og handelsminister

policy. In order to achieve its ambitious goals, the EU has established a number of specific objectives and defined so-called Structural Indicators as benchmarks for measuring Member States progress. The March European Council reaffirmed its commitment to the Strategy, although realising that the pace needs to be significantly stepped up if the 2010 targets are to be achieved.

The Lisbon strategy reflects the challenges facing Member States in reaching EU's overall goal. Many elements of the EU strategy are relevant in a Norwegian context, although Norway is also presented with special challenges in certain areas. As far as the joint challenges are concerned, many of the proposed measures already form an integral part of our policy. The Government is actively pursuing many of the policy areas addressed by the Lisbon Strategy. This publication offers an overview of Norwegian efforts within key areas to ensure competitiveness thereby securing the Norwegian welfare society.

If the EU succeeds with its strategy, this would be positive for Norway. It would increase competitiveness and purchasing power in the EU area, and stimulate demand within our most important export market. This would have a positive effect on economic growth in Norway and contribute to innovation and productivity. Not all parts of the Lisbon Strategy are of equal relevance to Norway. It is important to keep in mind that the Norwegian economy and industrial structure differ from those of the EU in significant areas. At the same time, EU and Norway are sharing many of the challenges and political objectives. We should be inspired by and learn from the EU in forming Norwegian industrial policy.

The purpose of this report is threefold. Firstly, the EU Lisbon Strategy and its relevance to Norway are explained. Part two of the report reviews the Government's work within the areas addressed by the EU Lisbon Strategy. The final part of the report offers an assessment of the EU Structural Indicators, and data for Norway are presented.

Oslo, July 2004



Børge Brende
Minister of Trade and Industry

Innhold

| | |
|--|----|
| Forord | 1 |
| Samandrag | 7 |
| Sikre samsvar mellom den makroøkonomiske politikken og hovudmålet i Lisboa-strategien .. | 8 |
| Leggje til rette for låg arbeidsløyse og høg yrkesfrekvens | 9 |
| Stimulere vekst og konkurransevne ved å fremje kunnskap, innovasjon, forskning og gode rammevilkår for næringslivet | 9 |
| Fullføre den felles indre marknaden gjennom reformer i produkt-, teneste- og kapital-marknadene | 10 |
| Styrkje sosial utjamning | 11 |
| Fremje eit berekraftig miljø | 12 |
| I EU sin Lisboa-strategi og relevansen for Noreg | 15 |
| EU vedtok Lisboa-strategien våren 2000... ..og strategien har 6 hovudmål | 16 |
| Lisboa-strategien blir diskutert på vår toppmøta til Det europeiske råd | 16 |
| Landa har felles mål, men ulik politikk | 17 |
| Det vil vere positivt for Noreg om EU lykkastmen bør vi utan vidare kopiere strategien? | 18 |
| Norske data er tilgjengeleg for EU sine strukturindikatorar | 19 |
| Vi bør la oss inspirere av EU i utforminga av norsk næringspolitikk | 19 |
| II Norsk politikk på dei områda som omfattast av Lisboa-strategien . . . | 21 |
| Innleiing | 21 |
| 1. Økonomisk bakgrunn | 22 |
| EU si tilnærming | 22 |
| EU sitt val av indikatorar | 22 |
| Sentrale mål i norsk politikk | 22 |
| <i>Balansert økonomisk utvikling</i> | 22 |

Table of Contents

| | |
|--|----|
| Preface | 1 |
| Summary | 7 |
| Ensure concurrence between macroeconomic policy and the main goal of the Lisbon Strategy 8 | |
| Facilitate low unemployment and high employment rates | 9 |
| Stimulate growth and competitiveness through promoting knowledge, innovation, R&D and a favourable business climate | 9 |
| Complete the Internal Market through product, service and capital market reforms .. | 10 |
| Improve social cohesion | 11 |
| Promote a sustainable environment | 12 |
| I The EU Lisbon Strategy and Its Relevance to Norway | 15 |
| The EU adopted the Lisbon Strategy in spring 2000... ..and it has 6 main goals | 16 |
| The Lisbon Strategy is discussed at the Spring European Councils | 16 |
| Member States pursue a common goal, but policies may differ | 17 |
| Norway would benefit from the EU succeeding | 18 |
| ... but should we simply copy the strategy? .. | 18 |
| Norwegian data are available on the EU Structural Indicators | 19 |
| We should be inspired by the EU in forming Norwegian industrial policy | 19 |
| II Norwegian policies within the areas comprised by the Lisbon Strategy 21 | |
| Introduction | 21 |
| 1. General economic background | 22 |
| The EU approach | 22 |
| Indicators adopted by the EU | 22 |
| Core goals of Norwegian Policies | 22 |
| <i>Balanced economic development</i> | 22 |

2. Sysselsetting23

| | |
|---|----|
| EU si tilnærming | 23 |
| EU sitt val av indikatorar | 23 |
| Sentrale mål i norsk politikk | 23 |
| <i>Auka sysselsetting i alle grupper</i> | 23 |
| <i>Aktiv arbeidsmarknadspolitik</i> | 24 |
| <i>Inkluderande arbeidsliv</i> | 24 |
| <i>Auka mobilitet av arbeidskraft</i> | 24 |
| <i>Lønsauker som er i samsvar med produktivitetsutviklinga</i> | 25 |
| <i>Reguleringar i arbeidsmarknaden som gjev ein god balanse mellom tryggleik og fleksibilitet</i> | 25 |

3. Innovasjon og forskning26

| | |
|--|----|
| EU si tilnærming | 26 |
| EU sitt val av indikatorar | 27 |
| Sentrale mål i norsk politikk | 27 |
| <i>Heilskapeleg innovasjonspolitik</i> | 28 |
| <i>Auka forskingsinnsats</i> | 28 |
| <i>Kunnskap og kompetanse</i> | 29 |
| <i>Eit informasjonssamfunn for alle</i> | 31 |
| <i>Politiske verkemiddel for innovasjon og verdiskaping – Innovasjon Noreg</i> | 32 |

4. Økonomiske reformer32

| | |
|---|----|
| EU si tilnærming | 32 |
| EU sitt val av indikatorar | 33 |
| Sentrale mål i norsk politikk | 33 |
| Strukturpolitiske tiltak | 33 |
| <i>Ein styrkt konkurransepolitikk</i> | 34 |
| <i>Ei skattereform for økonomisk vekst og auka velferd</i> | 35 |
| <i>Berekraftige pensjonar for framtida</i> | 35 |
| <i>Eit enklare Noreg</i> | 36 |
| <i>Rask innlemming i nasjonal lovgjeving</i> | 37 |
| <i>Gjere det lettare med fri rørsle av varer</i> | 37 |
| <i>Tiltak for å løyse problem som oppstår i den indre marknaden</i> | 37 |
| <i>Tiltak for å gjere offentlege innkjøp meir tilgjengelege</i> | 37 |
| <i>Reduksjon og omlegging av statsstøtte</i> | 38 |
| <i>Betre kvalitet på offentlege tenester</i> | 39 |

5. Sosial utjamning39

| | |
|---|----|
| EU si tilnærming | 39 |
| EU sitt val av indikatorar | 40 |
| Sentrale mål i norsk politikk | 41 |
| <i>Sosial tryggleik</i> | 41 |
| <i>Kjempe mot fattigdom og sosial utstøytning</i> | 41 |
| <i>Eit inkluderande arbeidsliv</i> | 42 |

2. Employment23

| | |
|---|----|
| The EU approach | 23 |
| Indicators adopted by the EU | 23 |
| Core goals of Norwegian policies | 23 |
| <i>Increased employment within all groups</i> | 23 |
| <i>Active labour market policy</i> | 24 |
| <i>Inclusive employment</i> | 24 |
| <i>Increased manpower mobility</i> | 24 |
| <i>Wage increases that correspond to productivity developments</i> | 25 |
| <i>Labour market regulations that offer a good balance between security and flexibility</i> | 25 |

3. Innovation and research26

| | |
|---|----|
| The EU approach | 26 |
| Indicators adopted by the EU | 27 |
| Core goals of Norwegian policies | 27 |
| <i>Comprehensive Innovation Policy</i> | 28 |
| <i>Increased R&D efforts</i> | 28 |
| <i>Knowledge and qualifications</i> | 29 |
| <i>An information society for all</i> | 31 |
| <i>Policy instruments for creation and innovation - Innovation Norway</i> | 32 |

4. Economic reform32

| | |
|--|----|
| The EU approach | 32 |
| Indicators adopted by the EU | 33 |
| Core goals of Norwegian policies | 33 |
| Structural policy measures | 33 |
| <i>Enhanced competition policy</i> | 34 |
| <i>A Tax Reform for Economic Growth and Increased Welfare</i> | 35 |
| <i>Sustainable Pensions for the Future</i> | 35 |
| <i>Simplifying Norway</i> | 36 |
| <i>Directives to be incorporated swiftly into national law</i> | 37 |
| <i>Facilitating the free movement of goods</i> | 37 |
| <i>Internal Market problem solving mechanism</i> | 37 |
| <i>Increased openness in public procurement</i> | 37 |
| <i>Reduction and reorientation of state aid</i> | 38 |
| <i>Improved quality of public services</i> | 39 |

5. Social cohesion39

| | |
|---|----|
| The EU approach | 39 |
| Indicators adopted by the EU | 40 |
| Core goals of Norwegian policies | 41 |
| <i>Social Security</i> | 41 |
| <i>Combating poverty and social exclusion</i> | 41 |
| <i>Inclusive employment</i> | 42 |

| | | | |
|--|-----------|--|-----------|
| Likestilling mellom kjønna | 42 | Gender equality | 42 |
| Ein god dialog med partane i arbeidslivet ... | 43 | A good dialogue with the social partners ... | 43 |
| Fremje samfunnsansvaret i bedriftene | 43 | Corporate social responsibility ³⁴ | 43 |
| 6. Miljø | 43 | 6. Environment | 43 |
| EU si tilnærming | 43 | The EU approach | 43 |
| EU sitt val av indikatorar | 44 | Indicators adopted by the EU | 44 |
| Sentrale mål i norsk politikk | 44 | Core goals of Norwegian policies | 44 |
| <i>Berekraftig utvikling</i> | 44 | <i>Sustainable development</i> | 44 |
| Tiltak mot klimaendringar | 45 | Combating climate change | 45 |
| Fremje berekraftige transportløyningar ... | 45 | Promoting sustainable transportation ... | 45 |
| Tiltak mot truslar mot folkehelsa | 46 | Combating public health threats | 46 |
| Betre ressursutnytting og fremje vekst som gjev mindre avfall | 46 | Better resource utilisation and promoting growth that results in less waste | 46 |
| III Gjennomgang av EU sine strukturindikatorar | 47 | III Review of the EU Structural Indicators | 47 |
| Økonomisk bakgrunn | 47 | General economic background | 47 |
| 1. Brutto nasjonalprodukt | 47 | 1. Gross Domestic Product | 47 |
| 2. Arbeidskraftsproduktiviteten | 48 | 2. Labour productivity | 48 |
| Sysselsetting | 50 | Employment | 50 |
| 3. Sysselsettingsfrekvens | 50 | 3. Employment rate | 50 |
| 4. Sysselsettingsfrekvens for eldre arbeidstakarar | 53 | 4. Employment rate of older workers | 53 |
| Innovasjon og forskning | 55 | Innovation and research | 55 |
| 5. Utdanningsnivå (20-24) | 55 | 5. Educational attainment (20-24) | 55 |
| 6. Utgifter til FoU | 57 | 6. R&D expenditure | 57 |
| Økonomisk reform | 59 | Economic reform | 59 |
| 7. Samanliknande prisnivå | 59 | 7. Comparative price levels | 59 |
| 8. Private investeringar i realkapital | 60 | 8. Business investment | 60 |
| Sosial utjamning | 62 | Social cohesion | 62 |
| 9. Risiko for fattigdom | 62 | 9. At-risk-of-poverty rates | 62 |
| 10. Langtidsarbeidsløyse | 64 | 10. Long-term unemployment rate | 64 |
| 11. Spreiing av regional arbeidsløyse | 66 | 11. Dispersion of regional employment rates | 66 |
| Miljø | 69 | Environment | 69 |
| 12. Utslipp av klimagassar | 69 | 12. Greenhouse gases emissions | 69 |
| 13. Energiintensitet | 70 | 13. Energy intensity | 70 |
| 14. Transport | 71 | 14. Transport | 71 |

Samandrag

Lisboa-strategien vart vedteken på EU sitt toppmøte i Lisboa i 2000. Bakgrunnen for etablering av strategien var mellom anna at EU-landa samla sett oppnådde relativt låg vekst, til dømes i høve til USA. Målet er at EU innan 2010 skal bli *”den mest konkurransedyktige og dynamiske kunnskapsbaserte økonomien i verda, ein økonomi som kan skape ein berekraftig økonomisk vekst med fleire og betre arbeidsplassar og større sosial utjamning.”* Strategien er basert på tre pillarar – økonomisk politikk, sosialpolitikk og miljøpolitikk.

For å nå det ambisiøse målet har EU etablert ei rekke spesifikke målsetjingar. Dei har og fått på plass såkalla strukturindikatorar for å måle framgangen i medlemslanda samstundes som landa kan samanlikne seg med kvarandre for å lære og for å gjere det betre. Men sjølv om målet er felles, er det ikkje slik at landa har den same næringspolitikken eller at Lisboa-strategien erstattar nasjonal politikk. Dei einskilde medlemslanda medverkar til den overordna målsetjinga gjennom sin nasjonale politikk.

Lisboa-strategien speglar dei utfordringane medlemslanda står overfor når dei saman skal nå EU sitt overordna mål. Mange av elementa i EU sin strategi er relevante for norske forhold, sjølv om Noreg på ein del område også har særskilde utfordringar. Når det gjeld dei utfordringane vi har felles, er mange av forslaga til tiltak allereie ein intergrert del av vår politikk. Det er likevel verd å merke seg at det i mange høve er slik at sjølv om vi gjer det same i Noreg som i EU, så er ikkje det på grunn av Lisboa-strategien, men fordi vi av ulike årsaker på mange område har dei same politiske måla.

Kva vil det innebere for Noreg at EU har vedteke og følgjer opp sin Lisboa-strategi? For det første kan vi slå fast at dersom EU lykkast vil det føre til auka konkurranse- og kjøpekraft i EU-området. Dette vil vere positivt for verdiskapinga i Noreg. Det vil stimulere etterspørselen i vår viktigaste eksportmarknad, og medverke til nyskaping og produktivitet hos oss. Ikkje alle delar av Lisboa-

Summary

The EU adopted the so-called Lisbon Strategy at the spring European Council in Lisbon in 2000. The background for the establishment of the Lisbon Strategy was that the EU region achieved relatively low growth compared to, for example, the United States. The strategic goal is for the EU by 2010 to become *“the most competitive and dynamic knowledge-based economy in the world, capable of sustainable economic growth with more and better jobs and greater social cohesion”*. The strategy is based on three pillars – economic policy, social policy and environmental policy.

In order to achieve the ambitious goals, the EU has established a number of specific objectives. It has also been defined so-called Structural Indicators as benchmarks for measuring progress, with Member States comparing themselves to each other in order to learn and improve their performance. However, even though the goals are common this does not mean that the Member States are pursuing the same industrial policy, or that the Lisbon Strategy is a replacement for national policies. Individual Member States contributes to achieving the overall goal through their national policies.

The Lisbon strategy reflects the challenges facing Member States in reaching EU's overall goal. Many elements of the EU strategy are relevant in a Norwegian context, although Norway is also presented with special challenges in certain areas. As far as the joint challenges are concerned, many of the proposed measures already form an integral part of our policy. It is nevertheless worth noticing that although the same things are being done in Norway as in the EU, this does not result from the Lisbon Strategy in itself, but from us sharing, for various reasons, the same political objectives within many areas.

What is the relevance to Norway of the EU adopting and pursuing its Lisbon Strategy? Firstly, it is obvious that if the EU succeeds, then the competitiveness and purchasing power of the EU area will

strategien er like relevant for Noreg, men vi kan og bør bli inspirert på dei områda som er relevante. Det er viktig å hugse på at norsk økonomi og næringsstruktur på fleire område er ulik EU sin.

EU har sett av toppmøta kvar vår til å diskutere korleis dei ligg an. På det siste toppmøtet i mars i år vart det klart at regjeringssjefane stadfestar den politiske viljen til å innfri strategien, men dei peikte samstundes på at tempoet må aukast dramatisk dersom måla skal bli innfridde. Det kritiske no er å få implementert dei reformene og endringane som landa allereie har forplikta seg til å gjennomføre.

Føringane i strategien er på eit generelt nivå at veksten skal vere berekraftig, at det skal skapast fleire arbeidsplassar og at det skal skapast større sosial utjamning. Dette er i stor grad i samsvar med tradisjonelle kjerneverdier i dei nordiske landa – også i Noreg.

Det blir presentert strukturindikatorar innanfor seks ulike målområde:

Sikre samsvar mellom den makroøkonomiske politikken og hovudmålet i Lisboa-strategien

EU legg i Lisboa-strategien vekt på at ein balansert makroøkonomisk politikk er grunnleggjande viktig for å sikre stabil økonomisk vekst. I Noreg har omsynet til makroøkonomisk stabilitet hatt ein sentral plass i den økonomiske politikken lenge før Lisboa-strategien. Medan mange EU-land slit med høg statsgjeld og offentlege budsjettunderskot, har Noreg ein finansiell formue i Statens petroleumsfond.

Indikatorane på dette området viser BNP per innbyggjar og arbeidskraftsproduktivitet. BNP per innbyggjar gjev eit statusbilete av verdiskapinga i eit land. Den fangar likevel ikkje opp verdien av produksjon som ikkje er verdsett i marknadsprisar eller talfesta på annan måte. BNP per innbyggjar er relativt høgt i Noreg (om lag 40 prosent høgare enn EU15), omtrent på nivå med USA. Ein del av det høge BNP-nivået kan forklarast av inntekter frå

increase. That would have a positive effect on wealth creation in Norway. It would stimulate demand within our most important export market, and contribute to innovation and productivity on our part as well. Not all aspects of the Lisbon Strategy are of equal relevance to Norway, but we can and should be inspired within those areas that are relevant. It is important to keep in mind that the Norwegian economy and industrial structure differ from those of the EU in significant areas.

The EU has dedicated the Spring European Council each year to discussing progress. The March European Council reaffirmed its commitment to the Strategy, although realising that the pace needs to be significantly stepped up if the 2010 targets are to be achieved. The critical issue now is the need for better implementation of commitments already made.

The requirements at a general level are that the growth should be sustainable, that more jobs should be created, and that social cohesion should be increased. This is in large part in accordance with traditional core values within the Nordic countries – including Norway.

Structural indicators are presented within six different target areas:

Ensure concurrence between macroeconomic policy and the main goal of the Lisbon Strategy

Under the Lisbon Strategy, the EU has emphasised the fundamental importance of a balanced macroeconomic policy in securing stable economic growth. Macroeconomic stability has been a core feature of economic policies in Norway long before the Lisbon Strategy. While many EU countries are saddled with high public debt and public budget deficits, Norway is in possession of financial assets through the Norwegian Government Petroleum Fund.

The indicators presented in this area are Gross Domestic Product per capita and Labour productivity per person employed. GDP gives an overall picture of the wealth creation in a country. The indicator does however not include production that is not valued in terms of market prices or quantified in other ways. GDP per capita is relatively high in Norway (about 40 percent higher than for EU15), about the same as that of the United States. Part of

petroleumsverksemda. Indikatoren for arbeidsproduktivitet er målt som BNP per sysselsett person. For land som allereie har høg sysselsetting, vil auka verdiskaping per sysselsett vere ei hovudkjelde til auka BNP. Generelt er måling og samanlikning av produktivitet komplisert, og denne indikatoren er særst overordna. Tala for 2003 indikerar at BNP per sysselsett i Noreg er om lag 20 prosent høgare enn gjennomsnittet for EU.

Leggje til rette for låg arbeidsløyse og høg yrkesfrekvens

Sysselsettingsspørsmål har ein sentral plass i Lisboa-strategien og "fleire og betre arbeidsplassar" var eit av hovudbodskapane frå vårtoppmøtet. Det er naudsynt med effektiv bruk av alle samfunnet sine ressursar, ikkje minst arbeidskrafta, dersom ein skal få til auka verdiskaping. Noreg står overfor nokre av dei same strukturelle problema som EU på grunn av forventa befolkningsutvikling framover og forventa auke i forsørgingsbyrda for den yrkesaktive delen av befolkninga.

Indikatorane på dette området viser sysselsettingsfrekvensar for ulike grupper. Sysselsettingsfrekvens kan indikere i kva grad eit land har lykkast i å inkludere befolkninga i arbeidslivet, og indikatoren er viktig for å vurdere ressursutnyttinga i økonomien. Noreg har høgare sysselsettingsfrekvens enn samtlege EU-land.

Stimulere vekst og konkurransevne ved å fremje kunnskap, innovasjon, forskning og gode rammevilkår for næringslivet

EU peiker på at investering i utdanning, forskning og innovasjon er viktig for å tryggje framtidig konkurransevne og sysselsetting. Kunnskap og kompetanse er sentrale vilkår for å oppnå høg verdiskaping, og utdanning og livslang læring er såleis viktige middel for å nå måla i Lisboa-strategien. EU har fleire konkrete mål på området, mellom anna at forskingsinnsatsen skal auke frå det noverande nivået på nestan 2 prosent av Europa sitt brutto nasjonalprodukt til 3 prosent i 2010. Noreg har tilsvarende eit mål om at forskingsinnsatsen, målt som samla utgifter til forskning som del av BNP, skal vere minst på nivå med OECD-gjennomsnittet innan 2005. Regjeringa har også ein visjon om at Noreg skal bli eit av dei mest innovative landa i verda, der men-

the high GDP per capita is due to economic rent of petroleum extraction. The indicator for labour productivity is measured by GDP per person employed. For countries enjoying a high level of employment, increases in wealth creation per worker represent the primary means of increasing GDP. In general, the measurement and comparison of productivity is complex, and this indicator is highly aggregated. The figures for 2003 indicate that Norwegian GDP per person employed is about 20 percent above the EU average.

Facilitate low unemployment and high employment rates

Employment issues are at the core of the Lisbon Strategy and "more and better jobs" was one of the main messages from the Spring European Council. Increased growth requires efficient utilisation of all of society's resources, not the least of which are its manpower resources. Norway is facing some of the same structural problems as the EU due to expected population developments and an expected increase in the dependency burden on the economically active part of the population.

The indicators that are presented in this area include employment rates for different groups. These indicators offer a suggestion as to the extent to which one succeeds in including the population in working life, and is relevant in assessing resource utilisation within the economy. Norway has a higher employment rate than all the countries in the EU.

Stimulate growth and competitiveness through promoting knowledge, innovation, R&D and a favourable business climate

The EU maintains that investments in education, R&D and innovation are important to safeguard future competitiveness and employment. Knowledge and qualifications are important requirements for achieving high wealth creation, and hence are important means to achieve the goals of the Lisbon Strategy. The EU has several specific targets in this area, among other things to increase investment in research from its current level of almost 2 percent of Europe's gross domestic product to 3 percent by 2010. Correspondingly, Norway has adopted as a goal that R&D efforts shall at least be equal to the OECD average by 2005, measured as gross domestic expenditure on R&D as a percentage of GDP. The Government's

neske og føretak med pågangsmot og skaparevne finn det mogeleg å utvikle lønsam verksemd. På viktige område skal Noreg liggje i tet internasjonalt når det gjeld kunnskap, teknologi og verdiskaping.

Indikatorane på dette området viser utdanningsnivå og utgifter til forskning og utvikling. Indikatoren for utdanningsnivå fortel noko om kor stor del av befolkninga som har vidaregåande og påbygging til vidaregåande opplæring, men den seier ikkje noko om kvaliteten på utdanninga. Ein reknar med at ein velutdanna arbeidsstyrke aukar arbeidskrafta sin produktivitet, og utdanningsnivå kan difor reknast som ein viktig faktor for innovasjon og økonomisk vekst. Noreg har eit av dei aller høgaste nivåa i Europa for dette utdanningsnivået. Indikatoren for utgifter til forskning viser kor mykje ressursar som blir brukt på FoU, men ikkje avkastninga av denne innsatsen. Utgifter til forskning og utdanning i Noreg låg på om lag 1,6 prosent av BNP i 2001, noko som er lågare enn gjennomsnittet i EU. Noreg sitt relativt låge nivå på FoU-utgifter målt på denne måten kan ha samanheng med at vår næringsstruktur har relativt få FoU-intensive verksemder.

Fullføre den felles indre marknaden gjennom reformer i produkt-, teneste- og kapitalmarknadene

Realisering av den indre marknaden har ført med seg omfattande endringar på mange område. Den indre marknaden har ført til auka konkurranse, fleire valmogelegheiter og lågare prisar. Det er likevel framleis mange hindringar att som bør fjernast for at marknadene skal fungere tilfredsstillande, noko som mellom anna forslaget til direktiv om tenester tek tak i. Eit grunnleggjande problem er at det tek lang tid å innlemme vedteke regelverk i nasjonale lovverk. Truverdet til Lisboa-strategien fordrar at reformtakta på nasjonalt nivå blir auka. I Noreg har det lenge vore fokus på strukturpolitiske tiltak som skal medverke til så effektiv bruk av landet sine ressursar som mogeleg, og dermed til å styrkje grunnlaget for langsiktig vekst i økonomien. Det har den siste tida mellom anna vorte arbeidd med ny konkurranselov, skatterreform og pensjonsreform. Noreg har i ymse tilfelle liberalisert marknader tidlegare enn EU, til dømes på kraftmarknaden.

vision is that Norway shall be one of the most innovative countries in the world, where resourceful and creative enterprises and people are given opportunities for developing profitable business. Also, Norway shall be in the lead internationally in important areas, in terms of knowledge, technology and wealth creation.

The indicators that are presented in this area are education attainment level and research and development expenditure. The indicator for education attainment level tells us the share of the population that attained upper secondary education, but says nothing about the quality of the education. A well educated labour force is assumed to raise labour productivity and can therefore be considered an important factor for innovation and economic growth. Norway had one of the highest levels in Europe of young people having attained at least upper secondary education. The indicator for R&D expenditure shows the amount of resources dedicated to R&D, but it does not show the return from such resource commitment. Norway's R&D expenditure was at about 1.6 percent of GDP in 2001, which is below the EU average. Norway's relatively low level of R&D measured in this way may be related to the fact that we have, due to our industrial structure, a relatively low share of R&D intensive industries.

Complete the Internal Market through product, service and capital market reforms

The implementation of the Internal Market has resulted in considerable changes in many areas. It has led to increased competition, more choice and lower prices. There still remain many barriers that should be removed to make markets work satisfactory. This is some of the background for the proposal for a directive on services in the internal market. A fundamental problem is that it takes a long time to incorporate adopted regulations into national law. The credibility of the Lisbon Agenda requires stepping up the pace of reform at national level. Norway has for several years focussed on structural policy measures to contribute to as efficient utilisation of the country's resources as possible, and thereby strengthening the foundations for long-term growth of the economy. The last few years a new competition act, a tax reform and a pension reform have been among the issues being addressed. Norway has in certain cases liberalised markets earlier than the EU, one example being

Den ferskaste resultatavla for den indre marknaden¹ vart publisert i januar 2004 og denne viser at berre Danmark hadde innlemma fleire direktiv i nasjonal lovgjeving enn Noreg.

Indikatorane på dette området tek for seg samanliknbare prisnivå og privat sektor sine investeringar i realkapital. Med den første indikatoren forsøker ein å rekne prisnivået slik at det blir mogeleg å samanlikne prisnivå i ulike land. Prisutjamning kan generelt vere eit teikn på effektiv ressursfordeling og kan såleis indikere at forholda ligg godt til rette for verdiskaping og økonomisk vekst. Prisnivået for privat sluttforbruk i Noreg i 2002 var om lag 45 prosent høgare enn EU-snittet. Det at skilnaden er så stor skuldast i stor grad valutakursen; i 1999 var til dømes det same talet 25 prosent. Indikatoren for privat sektor sine investeringar i fast realkapital som prosentdel av BNP speglar oppbygging av framtidig produksjonskapasitet, så vel som erstatning av slitasje på kapasitet. Ulik næringsstruktur kan medverke til skilnader mellom land med omsyn til denne indikatoren. Investeringar i gjevne år vil til ein viss grad variere med konjunkturane, men varierer gjerne rundt 20 prosent av BNP. I 2002 var dei private investeringane i Noreg målt som prosentdel av BNP lågare enn samtlege EU-land, med unntak av Sverige.

Styrkje sosial utjamning

Auka sosial utjamning er eit av hovudmåla i Lisboastrategien, og EU har vedteke fleire konkrete og ambisiøse velferdspolitiske mål. EU fokuserar på at unge skal utdanne seg vidare og på livslang læring som middel for å motverke ekskludering frå arbeidslivet. Målet for sosialpolitikken i Noreg er å sikre tryggleik for det einskilde menneske, gjere det lettare for menneske som har falle utanfor og leggje til rette for at alle kan delta i samfunnet på like vilkår.

Indikatorane på dette området tek for seg fattigdomsrisiko, langtidsarbeidsløyse og fordeling i regionale sysselsettingsrater. Nivået på fattigdomsrisiko kan seie noko om politikken for auka sosial utjamning har vore vellykka. Risikoen for fattigdom

the energy market. The most recent Internal Market Scoreboard¹ was published in January 2004, and shows that only Denmark had incorporated more directives into national law than Norway.

The indicators presented in this area are on comparative price levels and on business investments. By the first indicator one attempts to compute the price level in a way that makes it possible to compare the price levels of different countries. Price convergence may in general indicate efficient resource allocation and a positive environment for wealth creation and growth. The price level on private final consumption in Norway in 2002 was about 45 percent higher than the EU average. The significant difference may to a large extent be explained by the exchange rate situation; the equivalent figure in 1999 was for example 25 per cent. The indicator for gross fixed capital formation by the private sector as a percentage of GDP reflects the accumulation of future production capacity, as well as the replacement of capacity. Different industrial structures may cause differences between countries with respect to this indicator.

Investments in any given year will to some extent reflect the business cycle, but often seem to vary around some 20 percent of GDP. In 2002 business investment measured as a percentage of GDP was lower in Norway than in all the countries in the EU, except for Sweden.

Improve social cohesion

Enhanced social cohesion is one of the main goals of the Lisbon Strategy, and the EU has adopted several specific and ambitious welfare policy goals. The EU focusses on the need for lifelong learning to prevent subsequent exclusion from work and to decrease the number of youths dropping out of school without further education. The goal of social policies in Norway is to ensure security for each individual, create new opportunities for people who suffer from social exclusion, and facilitate participation in the society by all.

The indicators presented in this area are at risk-of-poverty rate, long-term unemployment rate and dispersion of regional employment rates. The proportion of people with low incomes can indicate whether

¹ Sjå: <http://www.eftasurv.int/information/internalmarket/dbaFile4721.pdf>

¹ See: <http://www.eftasurv.int/information/internalmarket/dbaFile4721.pdf>

er lågare for Noreg enn for EU15 samla sett. Indikatoren for langtidsarbeidsløyse er ein viktig indikator for verdiskaping. Ei viss korttidsarbeidsløyse er ein naudsynt del av økonomisk endring, medan langtidsarbeidsløyse er den mest presise indikatoren for ressursøyding som følgje av arbeidsløyse. Noreg har den lågaste rata for langtidsarbeidsløyse i 2002. Indikatoren for spreining av regionale arbeidsløyserater seier noko om kor mykje arbeidsløysa varierer på tvers av regionar. Store regionale skilnader i arbeidsløyse vitnar om at arbeidskraftressursane blir dårleg utnytta og kan tyde på låg geografisk mobilitet. Data er ikkje tilgjengelege for Noreg slik som EU har definert denne indikatoren, men indikatorar som er nytta i andre samanhengar viser at Noreg har små regionale skilnader samanlikna med dei fleste andre land. Dei små skilnadene internt i Noreg speglar ein situasjon med generelt låg arbeidsløyse. Samstundes har det i Noreg vore satsa aktivt på arbeidsmarknadstiltak i område med stor arbeidsløyse, til dømes i Nord-Noreg.

Fremje eit berekraftig miljø

Miljøområdet er eitt av dei hovudprioriterte områda i Lisboa-strategien. Lisboa-strategien fordrar at den økonomiske utviklinga skal vere berekraftig. EU fokuserer mellom anna på å sikre korrekt prising og på utvikling av teknologi som kan medverke til handtering av miljømessige utfordringar, i tillegg til å stimulere utvikling av ein marknad for miljøteknologi og miljøtenester. Også i norsk politikk er det eit overordna mål at veksten skal vere berekraftig.

Indikatorane på miljøområdet tek for seg klimagassutslipp, energiintensitet og transportintensitet i økonomien. Indikatoren for klimagassutslipp tek utgangspunkt i dei krava EU-landa har sagt seg villig til å oppfylle som ein del av Kyotoprotokollen. Indikatoren er knytt til krava kvart einskild medlemsland skal oppfylle og har såleis samanheng med dei kostnadane kvart land vil stå overfor. Indikatoren for energiintensitet er ein samanfatta indikator som ikkje seier mykje om produksjonen av einskilde varer er effektiv eller ikkje. Energiintensiteten i eit land kan ha samband med mange ulike forhold, slik som næringsstruktur, geografi eller energieffektivitet i industriproduksjonen. Lågare energiintensitet vil ikkje utan vidare

the policy for increased social cohesion has been successful. At-risk-of-poverty rates are lower in Norway than for EU15. The indicator for long term unemployment is an important indicator of wealth creation. As some short term unemployment is a necessary part of economic change, long-term unemployment gives the most precise indicator for the resource waste due to unemployment. Norway had the lowest long-term unemployment rate in 2002. The indicator for dispersion of regional employment rates reflects variation of employment across regions. Large regional differences in unemployment suggest that manpower resources are poorly utilised, and may indicate low geographical mobility. Data are not available for Norway, but the indicators reported here are in line with the data from other reports, which show that Norway has small regional differences compared to most countries. The small regional differences within Norway reflect a situation of generally low unemployment. At the same time, Norway has actively pursued labour market measures within regions that have seen high unemployment, such as Northern Norway.

Promote a sustainable environment

The environmental area is one of the main priorities in the Lisbon Strategy. The Lisbon Strategy requires economic development to be sustainable. The EU focusses among other things on ensuring correct pricing and on the development of technology that may contribute to the handling of environmental challenges, in addition to stimulating the development of a market for environmental technology and environmental consultancy. Norway shares the political objective of sustainable growth.

The indicators presented in this area are on greenhouse gas emissions, energy intensity and transport intensity in the economy. The indicator on greenhouse gas emissions is based on the obligations of the EU countries under the Kyoto Protocol. The indicator is related to the obligations of each EU country, and thus is related to the costs faced by each country in complying with such obligations. The indicator for energy intensity is an aggregate indicator that does not say much about whether or not the production of individual goods is efficient or not. The energy intensity of a country may be related to a number of different circumstances, such as industrial structure, geography, or the energy-efficiency of manufacturing industry pro-

føre til lågare miljøutslipp ettersom nivået på utslippa vil vere avhengig av kva slag energi som blir nytta. I Noreg er ein stor del av energiforbruket basert på den fornybare energikjelda vasskraft. Noreg har ein energiintensitet som er om lag på EU-snittet. Indikatoren for transportintensitet seier noko om kor miljøvenleg verdiskapinga er, men også noko om dei samla transaksjonskostnadane i økonomien. Resultata for kvart einskild land vil vere avhengig av landet sitt geografi og næringsstruktur. For frakttransport ligg Noreg noko over gjennomsnittet i EU. Dette heng truleg saman med avstand og geografisk busetnad.

duction. Lower energy intensity will not necessarily lead to lower emissions into the environment, since the amount of emissions will depend on what type of energy is being utilised. In Norway, a large part of energy consumption is based on hydropower, a renewable source of energy. The energy intensity in Norway is more or less on a par with the EU average. The indicator on transport intensity illustrates how environmentally friendly economic activities are, but also something about the overall transaction costs incurred by the economy. The data for individual countries will depend on their geography and industrial structure. Norway is somewhat above the EU average in terms of the freight transport index, which most likely also reflects distances and the geographical distribution of the population.

EU sin Lisboa-strategi og relevansen for Noreg

EU vedtok Lisboa-strategien våren 2000...

Det strategiske målet er at EU innan 2010 skal bli *“den mest konkurransedyktige og dynamiske kunnskapsbaserte økonomien i verda, ein økonomi som kan skape ein berekraftig økonomisk vekst med fleire og betre arbeidsplassar og større sosial utjamning.”* Strategien inneheld mange konkrete målsetjingar for gjennomføring av reformer og regelverk.

Det er utarbeidd delmål og konkrete tiltak på ei rekkje områder. EU legg opp til at strategien skal gjennomførast gjennom bruk og forbetring av dei etablerte prosedyrane for å fatte vedtak og gjennom ei sterkare koordinerande rolle for Det europeiske råd. Men i tillegg til dei etablerte prosedyrane har det kome inn eit nytt element: Måla skal også bli nådd gjennom såkalla open koordinering. Dette inneber at kvart einskild medlemsland sjølv avgjer korleis måla skal bli nådd, og dei samanliknar seg med kvarandre for å lære og for å gjere det betre. Eigne målekriterium, såkalla strukturindikatorar, skal gjere det mogeleg å samanlikne og vurdere framgangen i dei einskilte landa. EU har sett av toppmøtene kvar vår til å diskutere framdrift. EU-samarbeidet om Lisboa-strategien er ikkje ein del av EØS-avtalen. Noreg er likevel knytt til deler av EU sitt samarbeid, også utover vår deltaking i den indre marknaden. Noreg deltek mellom anna i diverse programsamarbeid, til dømes mot fattigdom og mot diskriminering, og på einskilte område som utdanning er vi med i arbeidsgrupper som ledd i den opne koordineringa.

Bakgrunnen for etablering av Lisboa-strategien var at EU-landa samla sett oppnådde relativt låg vekst, til dømes i høve til USA. Hovudmålet i strategien – å skape den mest konkurransedyktige og dynamiske kunnskapsbaserte¹ økonomien i verda – reflekterer dette. Likevel er ikkje Lisboa-strategien ein

¹ EU brukar uttrykket “ein meir kunnskapsbasert økonomi” i fleire samanhengar. Økonomisk vekst har alltid vorte drive (og avgrensa) av den kunnskapen som til einkvar tid finnast. Ei mogeleg tolking av uttrykket “ein meir kunnskapsbasert økonomi” kunne vere at vår produksjonsverksemd over tid – og parallelt med aukande globalisering – blir relativt meir intensiv i bruken av høgt utdanna og kvalifisert arbeidskraft.

The EU Lisbon Strategy and Its Relevance to Norway

The EU adopted the Lisbon Strategy in spring 2000...

The strategic goal is for the EU to become *“the most competitive and dynamic knowledge-based economy in the world, capable of sustainable economic growth with more and better jobs and greater social cohesion”*. The strategy comprises many specific objectives as to the implementation of reforms and regulations.

⁴¹ Produktivitet som indikator for å måle verdiskaping er diskutert i Watson, James (2004): Productivity measures as indicators of wealth creation. Nærings- og handelsdepartementet, internt notat.

⁴¹ Productivity measures as indicators of wealth creation is discussed in Watson, James (2004): Productivity measures as indicators of wealth creation. The Norwegian Ministry of Trade and Industry, internal working paper.



Figur 2. Kjøpekraftskorrigert BNP per sysselsett person (EU15 = 100)

Chart 2. GDP per person employed in Purchasing Power Standards. (EU15 = 100)

Syssetting

3. Syssettingsfrekvens

Syssettingsfrekvensen er målt som sysselsette personar i alderen 15-64 år som prosentdel av den totale befolkninga i same aldersgruppe. Syssette omfattar her alle som i ei gjeve veke arbeidde minst ein time, samt folk som for ei kort tid var borte frå arbeidet.

Figur 3a viser at Noreg hadde ein syssettingsfrekvens på 77 prosent i 2002. Dette var det høgaste nivået for alle landa. Det same gjeld syssettingsfrekvensen for kvinner, som var på 74 prosent, medan den for menn var på 80 prosent, noko lågare enn i Nederland (figur 3b og 3c).

Syssettingsfrekvensen er generelt høgare for menn enn for kvinner.

Syssettingsfrekvensen er ofte brukt for å skildre den evna eit land har til å utnytte arbeidskrafta. Arbeidskraft er den viktigaste innsatsfaktoren i produksjonen av dei fleste varer og tenester. Difor kan indikatoren indikere i kva grad eit land har lykkast

Employment

3. Employment rate

The employment rate is arrived at by calculating employed persons aged 15-64 as a share of the total population of the same age group. Employed persons are here taken to include anyone who has worked for at least one hour during any given week, as well as persons who are temporarily absent from their work.

Chart 3a shows that Norway had a total employment rate of 77 percent in 2002. This was the highest employment rate of all countries included. The same goes for the female employment rate, which was 74 percent, while that of men was 80 percent, slightly lower than in the Netherlands (charts 3b and 3c). The employment rate for men is generally higher than that of women.

The employment rate is often used as an indicator to describe the ability to utilise labour. Labour is the most important input in the production of most goods and services. Consequently, the indicator

i å inkludere befolkninga i arbeidslivet, og indikatoren er viktig for å vurdere ressursutnyttinga i økonomien.


Den delen av arbeidsstyrken som frivillig verken arbeider eller søker arbeid, representerer i prinsippet ikkje ein ledig ressurs. Difor vil sysselsettingsfrekvensen berre gje avgrensa informasjon om evna til å ta i bruk arbeidsstyrken. Ein indikator for arbeidsløyse vil gje tilleggsinformasjon på dette området.

Når det gjeld verdiskaping, er eit anna viktig aspekt ved sysselsetting i kva grad verksemder lykkast i å skaffe den kompetansen dei ønskjer og kor mykje kvar person arbeider. Denne indikatoren gjev ingen informasjon om dette.

offers a suggestion as to the extent to which one succeeds in including the population in working life, and is relevant in assessing resource utilisation within the economy.


The part of the working force that voluntarily is neither working nor seeking a job, does not in principle represent an available resource. Therefore, the employment rate will only provide limited information on the ability to utilise the labour resources. An indicator of unemployment would offer additional information on this matter.

When it comes to wealth creation, another important aspect of employment is the extent to which businesses succeed in obtaining the qualifications they want, and how much each person works. This indicator provides no information on this.




Figur 3a. Sysselsatte personar i alderen 15-64 år som prosentdel av den totale befolkninga i same aldersgruppe.

Chart 3a. Employed persons aged 15-64 as a share of the total population of the same age group.



Figur 3b. Sysselsette kvinner i alderen 15-64 år som prosentdel av alle kvinner i same aldersgruppe.

Chart 3b. Employed women aged 15-64 as a share of the total female population of the same age group.



Figur 3c. Sysselsette menn i alderen 15-64 år som prosentdel av alle menn i same aldersgruppe.

Chart 3c. Employed men aged 15-64 as a share of the total male population of the same age group.

4. Sysselsettingsfrekvens for eldre arbeidstakarar

Sysselsettingsfrekvensen for eldre arbeidstakarar er målt som sysselsette i alderen 55-64 som prosentdel av alle folk i same aldersgruppe.

Sysselsettingsfrekvensen for eldre arbeidstakarar er lågare enn for befolkninga sett under eitt. I 2002 hadde Noreg ein sysselsettingsfrekvens på 66 prosent for eldre arbeidstakarar. Figurane 4a-c viser at berre Sverige hadde høgare sysselsettingsfrekvens for denne gruppa enn Noreg. For kvinner var sysselsettingsfrekvensen meir enn dobbelt så høg som for gjennomsnittet i EU. Ein av grunnane til den høge sysselsettingsfrekvensen for befolkninga (indikator 3) i Noreg er nettopp høg arbeidsdeltaking blant eldre arbeidstakarar.


På same måte som for sysselsettingsfrekvensen i befolkninga sett under eitt, gjev sysselsettingsfrekvensen for eldre arbeidstakarar ein indikasjon på i kva grad ein lykkast i å utnytte denne delen av arbeidskraftressursane og inkludere store delar av befolkninga i arbeidslivet. Framskrivingar viser at mange land vil oppleve eit underskot på arbeidskraft i framtida. I ein slik situasjon vil denne indikatoren kunne gje relevant informasjon om evna til å utnytte heile arbeidsstyrken. God ressursutnytting vil gje auka verdiskaping.

4. Employment rate of older workers

The employment rate of older workers is calculated as employed persons aged 55-64 as a share of the total population of the same age group.


The employment rate for older workers is lower than that for the population as a whole. In 2002 Norway had a total employment rate for older workers of 66 percent. Charts 4a-c show that only Sweden had a higher employment rate for older workers than Norway. In the case of women, the employment rate of older workers is more than twice that of the EU average. One of the reasons for the high total employment rate (indicator 3) in Norway is high labour force participation among the oldest workers.

As is the case for overall population employment, the employment rate for older workers offers an indication of the extent to which one succeeds in utilising this part of the manpower resources and keep large parts of the population related to working life. Prognoses show that many countries will experience an increasing manpower deficiency in the future. In such a situation, this indicator offers relevant information on the ability to utilise this manpower, and thus the ability to utilise the entire labour force. Good resource utilisation will increase wealth creation.




Figur 4a. Sysselsatte personer i alderen 55-64 som prosentdel av den totale befolkninga i same aldersgruppe.

Chart 4a. Employed persons aged 55-64 as a share of the total population of the same age group.



Figur 4b. Sysselsatte kvinner i alderen 55-64 som prosentdel av alle kvinner i same aldersgruppe.

Chart 4b. Employed women aged 55-64 as a share of the total female population of the same age group.



Figur 4c. Sysselsatte menn i alderen 55-64 som prosentdel av alle menn i same aldersgruppe.

Chart 4c. Employed men aged 55-64 as a share of the total male population of the same age group.

Innovasjon og forskning

5. Utdanningsnivå (20-24)

Indikatoren er definert som prosentdelen av unge i alderen 20-24 år som minst har utdanning tilsvarende videregående og påbygging til videregående opplæring.

Figur 5a viser at Noreg i 2003 hadde eit av dei høgaste nivåa i Europa for unge med dette utdanningsnivået, 93 prosent. Berre Slovakia hadde eit høgare nivå. Gjennomsnittet i EU var 74 prosent. Det norske nivået er høgt også i eit nordisk perspektiv.

Ein reknar med at ein velutdanna arbeidsstyrke aukar arbeidskraftsproduktiviteten, og det kan difor reknast som ein viktig faktor for innovasjon og økonomisk vekst. Det at ein høg prosentdel av ungdom i Noreg har grunnutdanning dannar eit godt grunnlag for vidare utdanning på høgare nivå for nesten heile befolkninga. Indikatoren fortel kor stor del av befolkninga som har videregående og påbygging til videregående opplæring, men den seier ikkje noko om kvaliteten på utdanninga.


Innovation and research

5. Educational attainment (20-24)

The indicator is defined as the percentage of young people aged 20-24 years having attained at least upper secondary education level.


Chart 5a shows that in 2003 Norway had one of the highest levels in Europe of young people having attained at least upper secondary education, 93 percent. Only Slovakia has a higher level. The EU average is 74 percent. The Norwegian level is high also in a Nordic perspective.

A well educated labour force is assumed to raise labour productivity and can therefore be considered an important factor for innovation and economic growth. The fact that a high share of the young population in Norway has attained basic education implies a good basis for further education at higher levels for nearly the entire population. The indicator tells us how many of the population that attained upper secondary education, but says nothing about the quality of the education.




Figur 5a. Prosentdel av befolkninga i alderen 20-24 som har fullført minst videregående og påbygging til videregående opplæring.

Chart 5a. Percentage of the population aged 20 to 24 having completed at least upper secondary education. Total.



Figur 5b. Prosentdel av kvinner i alderen 20-24 som har fullført minst videregående og påbygging til videregående opplæring.

Chart 5b. Percentage of women aged 20 to 24 having completed at least upper secondary education.



Figur 5c. Prosentdel av menn i alderen 20-24 som har fullført minst vidaregåande og påbygging til vidaregåande opplæring.

Chart 5c. Percentage of men aged 20 to 24 having completed at least upper secondary education.

6. Utgifter til FoU

Denne indikatoren måler brutto innanlands utgifter til forskning og utvikling (FoU), det vil seie dei totale FoU-utgiftene i eit land, som prosentdel av BNP.

Noreg ligg på om lag 1,6 prosent, noko som er lågare enn gjennomsnittet i EU, medan Sverige har utgifter på 4,3 prosent av BNP. Noreg sitt relativt låge nivå på FoU-utgifter målt på denne måten kan ha samband med at vi har ein næringsstruktur med relativt få FoU-intensive verksemdar. I naturressursbaserte næringer som petroleum, aluminium og fiskeoppdrett er IKT, bioteknologi og annan avansert teknologi viktige faktorar. Likevel har vi få høg- og mellomteknologiske næringer som prosentdel av BNP, og det har ikkje vore noko endring i retning av fleire slike næringer det siste tiåret.

Det er brei empirisk dokumentasjon av at FoU er ei kjelde til auka verdiskaping. FoU er viktig for verdiskapinga i den grad det får fram ny kunnskap og teknologi som leier til lønsam innovasjon. Det er såleis ikkje utan vidare ein eintydig samband

6. R&D expenditure


This indicator measures gross domestic expenditure on R&D, i.e. the total expenditure on R&D in a country, as a percentage of GDP.

Norway is at about 1.6 percent, which is below the EU average, while Sweden comes out with expenditures of 4.3 percent of GDP. Norway's relatively low level of R&D measured in this way may be related to the fact that we have, due to our industrial structure, a relatively low share of R&D intensive industries. In natural resource based industries such as petroleum, aluminium and fish farming, ICT, biotechnology and other advanced technologies are important. However, the share of both high- and medium-tech industries in GDP is small, and there has not been a shift towards these industries over the last decade.

There is extensive empirical documentation to back up the assertion that R&D contributes to economic growth. R&D is of importance to economic activity inasmuch as it makes available new knowledge and new technology which result in profitable innova-

mellom forskningsaktivitet og auka verdiskaping. I kva grad auka forskning vil føre til auka verdiskaping er avhengig av kva slags forskning det er snakk om, kvaliteten på forskinga, evna til å kommersialisere resultatane frå forsking, og den spesifikke innretninga av forskingspolitikken, og såleis ikkje berre av storleiken på utgiftene til FoU. Indikatoren viser kor mykje ressursar som blir brukt på FoU, men ikkje avkastninga av denne innsatsen. Det er heller ikkje openbart at ei generell auke i utgiftene til FoU vil vere i tråd med våre noverande komparative føremoner. Ei generell auke i FoU-utgiftene kan innebære ei endring i næringsstrukturen frå mindre til meir FoU-intensive næringar over tid. Dersom Noreg sine komparative føremoner framleis er i ikkje FoU-intensive næringar tross auka FoU, kan ein ikkje vite sikkert at auka FoU-utgifter vil gje auka verdiskaping. Men eit land sine komparative føremoner kan endre seg over tid, og auka FoU-utgifter kan medverke til ei slik endring.

tion. However, there is not necessarily an unambiguous relationship between research efforts and economic growth. Whether increased research results in increased levels of economic activity depends on the type of research that is pursued, the quality of such research, the ability to commercialise results from research, and the specific perspective adopted by research policy, and, hence, not only on the amount of R&D expenditure. The present indicator shows the amount of resources dedicated to R&D, but it does not show the return from such resource commitment. Further, it is not obvious that a general increased R&D spending in Norway will be in line with our present comparative advantages. This may imply a shift in the industrial structure from less to more R&D intensive industries over time. If Norway's comparative advantages remain in non-R&D intensive industries in spite of increased R&D, we cannot be certain that increased R&D spending will increase wealth creation and growth. However, a country's comparative advantages may change over time, and increased R&D spending may contribute to such a change.



Figur 6. Brutto innanlands utgifter til FoU som prosentdel av BNP

Chart 6. Gross domestic expenditure on R&D as a percentage of GDP.

Økonomisk reform

7. Samanliknande prisnivå

Med denne indikatoren forsøker ein å rekne prisnivået slik at det blir mogeleg å samanlikne prisnivå i ulike land. Indikatoren viser relative prisnivå for privat sluttforbruk inkludert indirekte skattar. Samanliknande prisnivå er forholdet mellom kjøpekraftsparitetar og valutakursen, ofte kalla realvalutakursen. Kjøpekraftsparitetane er rekna som gjennomsnitta for prisforholda mellom dei ulike landa for ei korg av representative varer og tenester som kan samanliknast. Det samanliknande prisnivået har vorte indeksert på basis av EU-gjennomsnittet (EU15=100).

Figur 7 viser at prisnivået for privat sluttforbruk i Noreg i 2002 var om lag 45 prosent høgare enn EU-snittet. I 1999 var det same talet 25 prosent. Det meste av auken i det norske prisnivået samanlikna med EU-snittet kan forklarast av valutakursendringar. I denne perioden auka verdien av den norske krona mot euro. I den same perioden har veksten i dei norske konsumprisane vorte redusert.

Over tid kan observasjonar av samaliknande prisnivå indikere om dei relative prisane i land kjem nærare kvarandre eller om skilnadene aukar.

Ein kunne forvente at handel over tid ville medverke til ei delvis utjamning av prisnivå mellom land som handlar med kvarandre. Det er mange grunnar til at prisar ikkje blir heilt like mellom land. Ulike prisnivå generelt kan forklarast av ulik arbeidskraftsproduktivitet (som gjer det mogeleg med ulike lønsnivå og som påverkar prisane i sektorar som ikkje handlar), preferansene til forbrukarane, ulik inntektsfordeling, differensierte produkt, handelshindringar, ulike ressursgrunnlag, ulike kostnader ved innsatsvarer, produksjon, distribusjon og transport – som igjen kan forklarast av ulik storleik på marknaden – og ulike skattenivå. Vidare kan slike skilnader forklarast av ulik grad av konkurranse i ulike geografiske marknader, særskilt i skjerma varemarknader og i tenestemarknader. Prisutjamning generelt kan vere eit teikn på effektiv ressursfordeling og såleis indikere at forholda ligg godt til rette for økonomisk vekst og verdiskaping.

Economic reform


7. Comparative price levels

By this indicator one attempts to compute the price level in a way that makes it possible to compare the price levels of different countries. This indicator shows relative price levels of private final consumption including indirect taxes. Comparative price levels are the ratio between purchasing power parities and the market exchange rate, often referred to as the real rate of exchange. Purchasing power parities are obtained as the averages of the price ratios between the different countries for a basket of comparable and representative goods and services. The comparative price levels have been indexed on the basis of the EU average (EU15 = 100).

The chart shows that the price level on private final consumption in Norway in 2002 was about 45 percent higher than the EU average. The equivalent figure in 1999 was 25 per cent. Most of the increase in the Norwegian price level relative to the EU average may be explained by the exchange rate situation. During this period, the Norwegian krone increased its value to the Euro. For the same period, the Norwegian consumer price inflation has been reduced.

Over time, observing comparative price levels can indicate whether the relative price levels of the countries converge, or whether discrepancies are increasing.

One could expect that over time, trade would contribute to a partial equalisation of price levels between countries that trade with each other. For a number of reasons, prices may not be fully equalised. Price level differences in general may be explained by differences in labour productivity (allowing for differences in wage levels and affecting the price level in non-tradable sectors), consumer preferences, different income distributions, differentiated products, barriers to trade, differences in resource endowments, input-, production-, distribution- and transportation costs – which in turn might be explained by differences in market sizes – and different levels of indirect taxes. Furthermore, such differences may be related to different degrees of competition in the various geographical markets, in particular protected markets for goods and markets for services. Price convergence in general may be a sign of efficient resource allocation thus indicating a good environment for wealth creation.



Figur 7. Samanliknande prisnivå for privat sluttforbruk inkludert indirekte skattar (EU15=100)

Chart 7. Comparative price levels of final consumption by private households including indirect taxes (EU 15=100)

8. Private investeringar i realkapital

Denne indikatoren viser tal for privat sektor sine brutto investeringar i fast realkapital som prosentdel av BNP.

Investeringar i fast realkapital vil typisk variere med nivået på vedlikehaldsinvesteringar som er naudsynte for å halde kapitalen i drift. Dess meir utsett kapitalen er for depresiering, dess større vil investeringane i vedlikehald måtte vere. Ulik næringsstruktur kan også medverke til skilnader mellom land med omsyn til denne indikatoren.

Figur 8 viser at nivået varierar mellom land. I 2002 var dei private investeringane i Noreg 15 prosent målt som del av BNP. Dette er vel 2 prosentpoeng under gjennomsnittet for EU15. I motsetnad til dei fleste andre land i Europa, viser figuren ein vesentleg reduksjon i investeringane i Noreg frå 1999 til 2002 (med 4 prosentpoeng). Denne reduksjonen vart i hovudsak forklart av lågare investeringar i norsk petroleumssektor samstundes med høgare petroleumsinntekter (som aukar BNP vesentleg). Investeringane i næringslivet på fastlandet var sta-

8. Business investment

This indicator measures gross fixed capital formation by the private sector as a percentage of GDP.

Gross fixed capital formation will tend to vary with the level of maintenance investments needed to keep the capital operational; the more exposed it is to depreciation, the greater will the maintenance investments needed tend to be. Different industrial structures may also cause differences between countries with respect to this indicator.


Chart 8 shows that the level varies somewhat between the countries. In 2002 business investment as a percentage of GDP was 15 percent in Norway. This is around 2 percentage points below the EU15 average. Contrary to most other European countries, the figures show substantial reduction in investment in Norway from 1999 to 2002 (by 4 percentage points). The reduction was explained mainly by lower investment in the Norwegian petroleum sector as well as higher petroleum revenues (which increased GDP substantially). The investment in Mainland businesses remained stable as a percent-

bile som del av BNP for Fastlands-Noreg til slutten av 2001, men vart redusert med 1 prosentpoeng i 2002 på grunn av lågare investeringar i tenestesektoren.

Dei samla investeringane blir avgjort av tilbodet av lønsame prosjekt, avkastning på investeringane og dei generelle investeringsvilkåra, som delvis er fastsett av styresmaktene (slik som det generelle skattesystemet og spesielt reglane for avskrivning). I praksis er det ofte ein viss samanheng mellom samla sparing og realinvesteringar i eit land. Realinvesteringar speglar oppbygging av framtidig produksjonskapasitet, så vel som erstatning av kapasitet. Det er ikkje eit mål i seg sjølv å investere så mykje som mogeleg ettersom det då blir mindre ressursar att til andre føremål, som forbruk. Investeringar i gjevne år vil til ein viss grad variere med konjunkturane, men varierer gjerne rundt 20 prosent av BNP.

age of Mainland Norway GDP until the end of 2001, but decreased by 1 percentage point in 2002 due to lower investment in the service sector.

Overall investments are determined by the supply of profitable projects, the returns on investments, and the general investment framework, which in part is determined by the authorities (such as the tax system in general and especially rules of capital consumption allowances). In practise, there is also often a certain correlation between overall savings and fixed capital formation within a country. Fixed capital formation reflects the accumulation of future production capacity, as well as the replacement of capacity. Maximising investments is obviously not a goal in itself, as it would leave fewer resources available for other purposes, such as consumption. Investments in any given year will to some extent reflect the business cycle, but often seem to vary around some 20 percent of GDP.



Figur 8. Privat sektor sine brutto investeringar i fast realkapital, som prosent av BNP

Chart 8. Gross fixed capital formation by the private sector, as a percentage of GDP.


Sosial utjamning

9. Risiko for fattigdom

Fattigdomsrisiko er definert som den delen av befolkninga som har ei inntekt under 60 prosent av medianinntekta etter sosiale overføringer. Figuren viser skilnader mellom kvinner og menn.

Figur 9a-c viser at Irland i 2001 hadde flest personar med risiko for fattigdom før sosiale stønader som definert på denne måten, medan Tsjekia, Sverige og Ungarn hadde færrest personar med risiko for fattigdom. Risikoen for fattigdom er lågare for Noreg enn for EU15 etter sosiale overføringer. Risikoen er generelt høgare for kvinner enn for menn.

Storleiken på delen av befolkninga med låge inntekter kan indikere om politikken for auka sosial utjamning har vore vellykka. Risikoen for fattigdom etter sosiale overføringer kan også vere viktig for insitamenta for å søkje arbeid, og såleis for samanhengen mellom trygdeordningar og tilgang på arbeidskraft. Indikatoren er difor også relevant frå eit verdiskapingperspektiv.



Figur 9a. Prosentdel av befolkninga med ei disponibel inntekt etter sosiale overføringer som ligg under 60 prosent av den nasjonale medianinntekta

Social cohesion


9. At-risk-of-poverty rates

At-risk-of-poverty rates are defined as the share of persons with a disposable income below 60 percent of the national median disposable income after social transfers. The data is differentiated between women and men.

Charts 9a-c show that Ireland had, in 2001, the highest share of people at risk of poverty by this definition, while the Czech Republic, Sweden and Hungary had the lowest share of people at risk of poverty. At-risk-of-poverty rates are lower in Norway than for EU15 after social transfers. The risk is generally higher for women than for men.


The proportion of people with low incomes can indicate whether the policy for increased social cohesion has been successful. At-risk-of-poverty rates after social transfers can also be important for the incentives for seeking employment, and thus for the relationship between social security schemes and the labour supply. This indicator is therefore also relevant from the perspective of generating economic growth.

Chart 9a. Share of persons with a disposable income below 60 percent of the national median disposable income, after social transfers.



Figur 9b. Prosentdel av kvinner med ei disponibel inntekt etter sosiale overføringer som ligg under 60 prosent av den nasjonale medianinntekta

Chart 9b. Share of women with a disposable income below 60 percent of the national median disposable income, after social transfers.



Figur 9c. Prosentdel av menn med ei disponibel inntekt etter sosiale overføringer som ligg under 60 prosent av den nasjonale medianinntekta

Chart 9c. Share of men with a disposable income below 60 percent of the national median disposable income, after social transfers.

10. Langtidsarbeidsløyse

Denne indikatoren måler langtidsarbeidsløyse, som dei som har vore utan arbeid i meir enn 12 månader, som prosentdel av arbeidsstyrken.

Figur 10a-c viser at det er stor variasjon mellom landa. Noreg har det lågaste talet for langtidsarbeidsløyse i 2002 med 0.5 prosent. Gjennomsnittet for EU15 var på 3 prosent, medan gjennomsnittet for dei nye medlemslanda var på 8.1 prosent.

Arbeidsløyse er ein av dei viktigaste indikatorene for verdiskaping. Ei viss korttidsarbeidsløyse er ein naudsynt del av økonomisk endring, medan langtidsarbeidsløyse er den mest presise indikatoren for ressursøyding som følge av arbeidsløyse. Det er også velferdsaspekt i samband med langtidsarbeidsløyse, og dette kan vere ein viktig grunn for å ha med denne indikatoren.

Ein anna relevant indikator for arbeidsløyse er den totale arbeidsløysa som sådan. For eit gjeve nivå på langtidsarbeidsløyse, kan høg total arbeidsløyse indikere høge kostnader ved endring i økonomien. Dette kan redusere verdiskapinga. Ein tilleggsindikator av relevans for verdiskaping ville vere uføretrygd per innbyggjar, ettersom uføretrygd kan løyne eit høgare nivå på arbeidsløysa.


10. Long-term unemployment rate

This indicator measures the long-term unemployed, by those unemployed for 12 months or more, as a percentage of the labour force.

Charts 10a-c show that there is substantial variation between the countries. Norway had the lowest long-term unemployment rate in 2002 with 0.5 percent in total. The EU15 average was 3 percent, while the average for the new member states was 8.1 percent.


Unemployment is one of the most important indicators of wealth creation. As some short term unemployment is a necessary part of economic change, long-term unemployment gives the most precise indicator for the resource waste due to unemployment. There are also social welfare aspects related to long-term unemployment, and this seems to be an important reason for including this indicator.

Another relevant indicator of unemployment is the total unemployment rate as such. For a given level of long-term unemployment, high total unemployment may indicate high adjustment costs in the economy. This may reduce potential wealth creation. An additional indicator of relevance for wealth creation would be per capita disability payments, as a high level of unemployment may be hidden by disability payments.




Figur 10a. Langtidsarbeidslause (meir enn 12 månader) som prosentdel av total yrkesaktiv folkesetnad i alderen 15-64

Chart 10a. Long-term unemployed (over 12 months) as a percentage of the total active population aged 15-64.



Figur 10b. Langtidsarbeidslause kvinner (meir enn 12 månader) som prosentdel av total yrkesaktiv kvinneleg befolkning i alderen 15-64

Chart 10b. Long-term unemployed women (over 12 months) as a percentage of the female active population aged 15-64.



Figur 10c. Langtidsarbeidsløse menn (meir enn 12 månader) som prosentdel av total yrkesaktiv mannleg befolkning i alderen 15-64

Chart 10c. Long-term unemployed men (over 12 months) as a percentage of the male active population aged 15-64.

11. Spreiing av regional arbeidsløye

Spreiing av regionale arbeidsløyerater blir målt ved å berekne ein koeffisient av variasjonen av sysselsetting på tvers av regionar. Dette er berekna på grunnlag av sysselsettingsdata for ulike regionar i kvart land og viser regionale skilnader i sysselsettinga.

Figurane 11a-c viser at spreinga av regionale arbeidsløyerater i 2002 var høgast i Italia og lågast i Nederland. Nokre land har opplevd ein viss reduksjon i dei regionale skilnadene. Generelt er spreinga av regionale sysselsettingsrater høgare for kvinner enn for menn. For kvinner er spreinga av sysselsettingsrater lågast i Nederland og for menn er dei lågast i Portugal. Data er ikkje tilgjengelege for Noreg, men indikatorane som er rapportert her er i tråd med data frå NOU 2001:29 Best i test?⁴², som viste at Noreg saman med Japan hadde små regionale skilnader, medan Italia hadde dei største skilnadene.

⁴² NOU 29:2001 "Best i test?"
<http://odin.dep.no/nhd/norsk/publ/utredninger/NOU/024001-020006/dok-bn.html>

11. Dispersion of regional employment rates


Dispersion of regional employment rates is measured by calculating a coefficient of variation of employment across regions. This is calculated on the basis of employment data for different regions of each country, and show regional differences in employment.

The charts 11a-c show that, in 2002, the dispersion of regional unemployment rates was highest in Italy and lowest in the Netherlands. Some countries have experienced a certain reduction in terms of regional differences. In general, the dispersion of regional employment rates is higher for women than for men. For women, rates are lowest in the Netherlands, and that for men it is lowest in Portugal. Data are not available for Norway, but the indicators reported here are in line with the data from the "Best i test?"⁴² report, which showed that Norway, together with Japan, had the smallest regional differences, while Italy had the largest ones.

⁴² NOU 29:2001 "Best i test?" (Norwegian language only)
<http://odin.dep.no/nhd/norsk/publ/utredninger/NOU/024001-020006/dok-bn.html>


Store regionale skilnader i arbeidsløyse vitnar om at arbeidskraftressursane blir dårleg utnytta og kan tyde på låg geografisk mobilitet. Sett frå eit verdiskapingsperspektiv er dette lite heldig, og det er difor eit mål å fremje mobiliteten med sikte på å utnytte arbeidskraftsressursane best mogeleg. Låg mobilitet svekkar faktorallokeringa og leier til at den samla kapasiteten i økonomien ikkje blir fullt utnytta. Dei små skilnadene internt i Noreg speglar ein situasjon med generelt låg arbeidsløyse. Samstundes har det i Noreg vore satsa aktivt på arbeidsmarknadstiltak i område med stor arbeidsløyse, til dømes i Nord-Noreg. Desse indikatorane er relevante for å vurdere kor godt arbeidsmarknaden fungerer, og dermed grunnlaget for verdiskaping.

Large regional differences in unemployment suggest that manpower resources are poorly utilised, and may indicate low geographical mobility. This is unfavourable from the point of view of economic growth, and it is thus a goal to promote mobility in order to achieve the best possible utilisation of manpower resources. Low mobility impairs the efficient allocation of the factors of production, and implies that the overall capacity of the economy is not fully utilised. The small regional differences within Norway reflect a situation of generally low unemployment. At the same time, Norway has actively pursued labour market measures within regions that have seen high unemployment, such as Northern Norway. These indicators are relevant when assessing how well the labour market is functioning, and, hence, when assessing the basis for economic growth.




Figur 11a. Koeffisient for skilnader i regionale arbeidsløyserater i kvart land.

Chart 11a. Coefficient of variation of unemployment rates across regions within countries.



Figur 11b. Koeffisient for skilnader i regionale sysselsettingsrater for kvinner i kvart land.

Chart 11b. Coefficient of variation of female employment rates across regions within countries.



Figur 11c. Koeffisient for skilnader i regionale sysselsettingsrater for menn i kvart land.

Chart 11c. Coefficient of variation of male employment rates across regions within countries.

12. Utslipp av klimagassar

Denne indikatoren viser utviklinga i utslipp av klimagassar mellom 1990 (1990=100) og no (1999 og 2001) for kvart land. Indikatoren omfattar dei seks klimagassane som er med i Kyotoprotokollen, rekna som CO₂-ekvivalentar. Utslippa kan samanliknast med dei krava EU-landa har sagt seg villig til å oppfylle som ein del av Kyotoprotokollen. EU sitt mål er å redusere utslippa med 8 prosent i forhold til 1990-nivået, innan perioden 2008-2012. Krava varierer frå land til land.

Norske utslepp har vore stabile mellom 1999 og 2001 og dei er framleis over 1990-nivået. Kyotokrava tillet Noreg å auke utslippa med 1 prosent samanlikna med utslippa i 1990. Nokre EU-land har hatt den same utviklinga som Noreg, og EU15 har flytta seg litt vekk frå målet mellom 1999 og 2001.


Klimaproblemet er eit globalt miljøproblem og utviklinga i EU sine klimagassutslipp seier mellom anna noko om den økonomiske veksten i EU er berekraftig eller ikkje. Indikatoren er knytt til krava til kvart einskild medlemsland og har såleis samanheng dei kostnadane kvart land står overfor når dei skal oppfylle krava. Indikatoren kan også vere av interesse for Noreg i lys av dei internasjonale krava vi har påtatt oss. Etersom verken Noreg eller dei fleste EU-land viser nokon klar positiv utvikling, kan det vise seg å bli naudsynt med kostbare omstillingar og endra ressursbruk i framtida.

12. Greenhouse gases emissions

This indicator shows developments in the emission of greenhouse gases between 1990 (1990 = 100) and now (1999 and 2001) for each country. The indicator includes the Kyoto basket of 6 greenhouse gases, based on CO₂ equivalents. The data may be compared to the obligations of the EU countries under the Kyoto Protocol. The EU target is to reduce emissions by 8 percent, relative to the 1990 level, by the period 2008-2012. However, the obligations vary from country to country.

Norway's emissions have been stable between 1999 and 2001, and still remain above the 1990 emission level. The Kyoto obligations permit Norway to increase emissions by 1 percent relative to the 1990 level. Some EU countries have had the same development as Norway, and EU15 have had a minor movement away from their target from 1999 to 2001.

The climate problem is a global environmental problem, and developments in EU greenhouse gases emissions say something about, among other things, whether economic growth within the EU is becoming more sustainable. The indicator is related to the obligations of each EU country, and thus is related to the costs faced by each country in complying with such obligations. The indicator as such may be of interest to Norway, in view of the international obligations of Norway. Given that neither Norway nor most of the current Member States are displaying any clear positive developments, it may be that resource allocation adjustments will become necessary in the future followed by considerable restructuring costs.



Figur 12. Prosent endring i klimagassutslipp (1990=100)

Chart 12. Percentage change in greenhouse gases emissions (1990 = 100).

13. Energiintensitet

Denne indikatoren viser energiintensiteten i økonomien, rekna som brutto innanlandsk energiforbruk, målt som kilo oljeekvivalentar delt på BNP.

Indikatoren omfattar forbruk av kull, elektrisitet, olje, naturgass og fornybar energi.

Noreg er om lag på EU-snittet og har ein mindre reduksjon frå 1999 til 2001.

Energiintensiteten i eit land kan ha samband med mange ulike forhold, slik som næringsstruktur, geografi eller energieffektivitet i industriproduksjonen. Ein samanfatta indikator som energiforbruk delt på BNP seier ikkje mykje om produksjonen av ein skilde varer er effektiv eller ikkje. Dersom indikatoren hadde vore brote ned på ein skilde varer, kunne ein betre ha vurdert om energieffektiviteten i produksjon av denne vara var betre eller dårlegare enn i andre land. Lågare energiintensitet vil ikkje utan vidare føre til lågare miljøutslipp etter som nivået på utslippa vil vere avhengig av kva slag energi som blir nytta. I Noreg er ein stor del av energiforbruket basert på den fornybare energikjelda vasskraft. For Noreg som energieksportør

13. Energy intensity


The indicator shows the energy intensity of the economy, calculated by gross inland consumption of energy, as measured by kilograms of oil equivalents, divided by GDP. The indicator encompasses the consumption of coal, electricity, oil, natural gas, and renewable sources of energy.

Norway is more or less on a par with the EU average, and shows a small reduction from 1999 to 2001.

The energy intensity of a country may be related to a number of different circumstances, such as industrial structure, geography, or the energy-efficiency of manufacturing industry production. An aggregate indicator like energy consumption divided by GDP does not say much about whether or not the production of individual goods is efficient. If the indicator had been broken down by individual goods, one would be better placed to assess whether energy-efficiency in the production of such good was superior or inferior than that of other countries. Lower energy intensity will not necessarily lead to lower emissions into the envi-

kan høg etterspurnad etter energi vere ei føremon for verdiskapinga.

ronment, since the amount of emissions will depend on what type of energy is being utilised. In Norway, a large part of energy consumption is based on hydropower, a renewable source of energy. For Norway, as an exporter of energy, high long-run demand for energy may be beneficial in terms of economic growth.



Figur 13. Energiintensitet i økonomien, målt ved brutto forbruk av inn-anlandsk energi ved kilo oljeekvivalentar i forhold til BNP.

Chart 13. Energy intensity of the economy, calculated by gross inland consumption of energy, as measured by kilograms of oil equivalents, divided by GDP.

14. Transport


Denne indikatoren er definert som ein indeks av innanlands fraktvolum (tonnkilometer) i forhold til BNP. Indikatoren seier noko om utviklinga i transportintensitet i økonomien i kvart land sett i høve til 1995 (1995=100 for kvart land).

For frakttransport ligg Noreg noko over gjennomsnittet i EU. Dette heng truleg saman med avstand og geografisk busetnad. Resultata for kvart einskild land vil vere avhengig av landet sitt geografi og næringsstruktur. Indikatoren seier noko om kor miljøvenleg verdiskapinga er, men også noko om dei samla transaksjonskostnadane i økonomien.

14. Transport

The indicator is defined as an index of inland freight transport volume (tonne-km) relative to GDP. The indicator reflects transport intensity developments within the economy of each country, relative to 1995 (1995=100 for each country).

Norway is somewhat above the EU average in terms of the freight transport index, which most likely also reflects distances and the geographical distribution of the population. The data for individual countries will depend on their geography and industrial structure. The indicator illustrates how environmentally friendly economic activities are, but also depends on the overall transaction costs incurred by the economy.



Figur 14. Fraktvolum i forhold til BNP – Indeks av innenlands fraktvolum i forhold til BNP, målt i tonn-kilometer/BNP (i faste 1995 euro), 1995=100

Chart 14. Volume of freight transport relative to GDP - Index of inland freight transport volume relative to GDP; measured in tonne-km / GDP (in constant 1995 Euro), 1995=100

Utgitt av :
Nærings- og handelsdepartementet
Publikasjonen finnes på internett:
<http://www.odin.dep.no/nhd>

Offentlige institusjoner kan bestille flere eksemplarer
av denne publikasjonen fra:
Statens forvaltningstjeneste
Informasjonsforvaltning
Postboks 8169 Dep, 0034 Oslo
E-post: publikasjonsbestilling@ft.dep.no
Telefaks: 22 24 27 86

Oppgi publikasjonsnummer K-0669 B

Trykk: www.kursiv.no – opplag 1000 – 1. utgave

Published by:
Ministry of Trade and Industry

Additional copies may be ordered from:
Statens forvaltningstjeneste
Informasjonsforvaltning
E-mail: publikasjonsbestilling@ft.dep.no
Fax: + 47 22 24 27 86

Publication number: K-0669 E

Printed by: www.kursiv.no – 1000